



"Matmor" Silje med dei to lamma. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein seinsommarflørt i Fjellandsbø-området har ført til ekstra tidleg lamming hos Mathiesen på Musland.**

26. februar vart det fødd to lam og det var rundt rekna to månader før "det normale". Kanskje er dette dei tidlegast fødte lam i Uskedalen i 2008? Dei var også på nippet til å bli "skotårslam"!

- No har vi ni sauar, fortel "matmor" Silje M. Mathiesen. Det er fem søyer, to lam som vart fødd i fjor og altså to

"nye" lam.

Søya som fekk lam så tidleg er to år gamal og førstegongsfødande.

Ho er no døpt til "Luringen" på grunn av det som må ha skjedd rundt 26. august i fjor.

Lamma har enno ikkje fått noko namn, men det er lansert fleire alternativ, fortel Silje.

Av Ola Matti Mathisen